




Årleg melding 2019

Sjukehusapoteka Vest HF

Innhold

1	Innleiing	2
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2019	2
1.2	Ny verksemdstrategi - Helse 2035.....	2
2	Helsefaglege styringsmål for Sjukehusapoteka Vest HF	2
3	Krav og rammer 2019	5
3.1	Helseberedskap, sikkerheit og forsyningstryggleik	5
3.2	Bemanning og kompetanse.....	7
3.3	«Inkluderingsdugnad»	7
3.4	Oppfølging av undersøkinga ForBedring.....	7
3.5	Felles leiarutvikling for leiarar i spesialisthelsetenesta og i kommunale helse- og omsorgstenester	8
3.6	Helseføretaka si handtering av bierverv	8
3.7	Vaksinasjon av personell	8
3.8	E-helse	9
3.9	Digitalisering på legemiddelområdet.....	10
3.10	Oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking.....	10
3.11	Informasjonstryggleik og personvern	10
4	Ressursgrunnlaget	11
5	Økonomiske krav og rammevilkår	11
5.1	Økonomiske resultatkrav og endring i driftskredittramma.....	11
5.2	Investeringar og lån	12
6	Plandokument.....	12
6.1	Utviklingstrendar og rammevilkår.....	12
6.1.1	Utviklinga innafor opptaksområdet.....	12
6.1.2	Økonomiske rammeføresetnader.....	12
6.1.3	Personell og kompetanse	13
6.1.4	Bygningskapital – status og utfordringar	13
6.2	Strategiar og planar i helseføretaket	13

1 Innleiing

1.1 Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2019

Årleg melding 2019 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Føretaket har i 2019 oppfylt det økonomiske resultatkrav sett av eigar.

- Resultatkrav på NOK 7 mill. Prognose 2019: ca. NOK 10 mill.
- SAV har tilfredsstillande likviditetssituasjon
- Investeringsbudsjettet ligg innanfor eigenfinansiering
- SAV har ikkje lukkast med samla overskot i publikumsutsala i 2019

SAV har arbeidd med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

1.2 Ny verksemdstrategi - Helse 2035

I tillegg til sentrale krav har vi og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Planen er laga med utgangspunkt i Helse Vest strategiplan «Helse 2035».

Oppfølging av SAV sine strategiplanar er operasjonalisert gjennom fagplanar og aksjonsplanar på kvart verksemdsområde. Fagplan forskning, utvikling og innovasjon har vore under arbeid andre halvår 2019 og er forventa ferdig Q1 2020.

2 Helsefaglege styringsmål for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppgåver for Sjukehusapoteka Vest 2019:

- *Gjennomføre dei fire prioriterte kravområda i SAFEST1-prosjektet i samsvar med plan for realisering av 19. november 2018 frå Nasjonal IKT. RHF-a skal vidare utarbeide ein oppdatert og forankra analyse av det samla behovet aktørane har for strukturert og standardisert legemiddelinformasjon, i tråd med framlagd plan av 15. november 2018 frå Direktoratet for e-helse for realisering av einskapleg og strukturert legemiddelinformasjon i den samla helse- og omsorgstenesta. Helse Vest RHF vil kome tilbake til Sjukehusapoteka Vest HF om deltaking i desse arbeida.*

SAV deltek i nasjonalt SAFEST gjennomføringsprosjekt med teknisk verksemdsarkitekt og farmasifagleg ressurs med erfaring frå KULE-prosjektet. SAV planlegg å delta i regional konseptutgreiing om grunndata innan legemiddelområdet som startar i januar 2020.

- *Sjukehusapoteka Vest HF skal i sitt arbeid leggje til grunn prinsipp for handtering av prisinformasjon på legemidlar slik dei er vedtekne av dei regionale helseføretaka. Sjukehusapoteka Vest HF skal, i samarbeid med dei regionale helseføretaka og Sykehusinnkjøp HF, følgje opp tiltaksplanen til rapport om einingspriser. For 2019 inneber det å vurdere om web-løysinga Sykehusapotekenes legemiddelkostnader (SLMK) kan vere elektronisk informasjonskanal som kan vere eigna for å gje alle helseføretaka naudsynt prisinformasjon på legemidlar.*

SAV legg til grunn prinsipp om konfidensialitet i handtering av avtaleprisar på legemiddel. Ressurs frå SAV har etter avtale representert Helse Vest RHF i nasjonalt arbeid med oppfølging av tiltaksplan til rapport om einingsprisar. SAV har i 2019 tilsett rådgjevar innan legemiddeløkonomi med oppgåver auka bruk av legemiddelstatistikk og SLMK.

- *Fortsette arbeidet med overgang til fagleg likeverdige, men rimelegare legemiddel basert på tilrådingane i rapporten «Overgang til faglig likeverdige legemidlar og tilgrensande oppdrag». Sjukehusapoteka Vest HF skal gjere greie for sin del av oppfølginga til Helse Vest RHF innan 15. april 2019. Sjukehusapoteka Vest må samarbeide med sjukehusa i dette arbeidet.*

SAV rapporterte på styringskravet til Helse Vest RHF 1.04.2019:

Sjukehusapoteka Vest arbeider kontinuerleg med oppfølging av innkjøpsavtaler på legemiddelområdet. Oppfølging skjer mellom anna gjennom deltaking i lokale legemiddelkomitear, regionalt legemiddelutval og involvering i anbudsprossar i LIS-ordninga. Regional LIS-kontakt og lokale LIS-kontaktar ved 3 av 4 sjukehusføretak er tilsett i SAV. I samband med inngåing av nye regionale LIS-avtalar deltek SAV i arbeidet med avtalane LIS 2001b, 2001c og 2001d i periodane 1.4-21.6.2019 og 12.8-11.10.2019 med omlag 75% ressurs.

Sjukehusapotekføretaka i Norge samarbeider om datainnsamling og oppdatering av legemiddelstatistikk gjennom databasen SLS/SLMK (Sykehusapotekenes legemiddelstatistikk). SLS/SLMK er drifta i samarbeid mellom de fire sjukehusapotekføretaka. Løysinga inneheld statistikk for legemiddelsal til sjukehus frå 2006 og er tilgjengeleg på fleire plattformer. SAV jobbar tett saman med leiar for SLS/SLMK med tanke på vidareutvikling og betre brukaroppleving av løysinga. Føretaket har i 2019 m.a. delteke på dialogmøter med Helse Bergen HF om bruk og forbetring av løysinga, samt deling av erfaringar frå Helse Sør Øst. Det vert i tillegg arrangert brukarforum, der opplæring i bruk og ny funksjon er tema som blir tatt opp.

SAV har oppretta stilling som legemiddeløkonomisk rådgjevar frå 1.11.2019. Stillinga er ein viktig del av SAV si satsing på å hjelpe helseføretaka med å dempe utvikling i legemiddelkostnader. Stillinga blir tett knytt opp mot økonomi-, analyse og fagmiljøa i SAV, helseføretaka og RHF-et. I november 2019 er det gjennomført kartleggingsmøter med alle føretaka som grunnlag for utarbeiding av aksjonsplan for området.

- *Helse Vest vil i 2019 peike ut aktuelle område som helseføretaka og sjukehusapoteka skal følgje særskilt opp for å sikre mest mogleg likeverdig behandling, og at ein nyttar medikamentell behandling som er i tråd med gjeldande prinsipp for prioritering.*

Sjukehusapoteka Vest samarbeider med helseføretaka for å betre og sikre avtaleetterleving for sjukehuslegemidlar og H-reseptpreparat.

- *Bidra til auka pasienttryggleik og kompetanse i samhandling mellom sjukehusføretak og kommunar gjennom aktive bidrag på legemiddelfeltet. Dette gjeld særleg identifisering, reduksjon av legemiddelfeil, arbeid med pasientforløp og tiltak ved skifte av omsorgsnivå.*

SAV arbeider kontinuerleg for trygg og effektiv legemiddelforsyning og bruk av legemiddel. Dette skjer til dømes ved rådgjeving, deltaking i legemiddelkomitear lokalt og regionalt, arbeid med legemiddelanbod lokalt, regionalt og nasjonalt, arbeid med legemiddelberedskap og gjennom utviklingsprosjekt (t.d. KULE og anskaffing av nytt produksjonsstøttesystem for Helse Vest).

SAV har godt og tett samarbeid med relevante aktørar i spesialisthelsetenesta, men deltek ikkje i samhandlingsavtalar som sjukehusa har med kommunane. Føretaket sett av betydelege ressursar til arbeid med regionale og nasjonale utviklingsprosjekt.

Føretaket vil halde fram med innsats på dei ulike områda. Ressursane i KULE har i 2019 bidrege både i arbeid med innføring og med utvikling.

Forsking og innovasjon

Forsking er ei av dei fire lovpålagde oppgåvene for helseføretaka, og heng tett saman med innovasjon og tenesteutvikling. Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Medverke i forsyning og utviklingsarbeid på områda legemiddelbruk og legemiddelforsyning, både i eiga verksemd og i samarbeid med dei andre helseføretaka.*

I 2019 har tre doktorgradsstipendiatar og to forskarar ved Universitetet i Bergen fått forskingsmidlar frå Helse Vest og vore tilknytt SAV gjennom forankringsavtale. SAV har i tillegg to tilsette ved Sjukehusapoteket i Stavanger og ein tilsett i føretaksadministrasjonen som gjennomfører doktorgradsarbeid. To av desse disputerer i 2019. Dei aktuelle prosjekta er relaterte til forbetring av kreftbehandling, samanheng mellom rusmiddel og demens og forsvarleg bruk av antibiotika.

SAV har i 2019 arbeidd med utviklingsprosjekt knytt til apotekstyrt førebuing av legemiddel på sjukehuspost ved SUS og forbetring av prosess for legemiddel-samstemming (akuttmottak SUS og PAM HBE).

- *Samarbeide med sjukehusføretaka i relevante forskings- og utviklingsprosjekt for å sikre gode data på behandlingseffekt av legemiddelbruk og graden av og konsekvensar av uønskete hendingar i legemiddelbehandlinga.*

SAV leverer tenester til kliniske studiar av legemiddel. SAV si rolle i studiane er i hovudsak å skaffe legemiddel. Under dette importere, lagre, tilverke og levere ut legemiddel til sjukehuseiningar og pasientar og delta i rapportering til oppdragsgjevarane. SAV har mål om å utvide lisens for tilverking av legemiddel til kliniske utprøvingar i tråd med helseføretaka sine behov.

- *Bidra til rapportering på indikatorar for innovasjonsaktivitet og –nytte i 2019. SAV har rapportert på aktuelle indikatorar via regionalt innovasjonsnettverk i 2019.*
- *Vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeidet, inkludert behovsdriven teneste-innovasjon gjennom InnoMed-arbeidet.*

SAV har svart på kartlegging frå InnoMed kompetansenettverk om erfaringar og framtidige behov. Representantar frå føretaket deltok på Innomed sitt innovasjonsseminar i Bergen 21.5.2019.

3 Krav og rammer 2019

3.1 Helseberedskap, sikkerheit og forsyningstryggleik

- *Følgje opp erfaringar og læringspunkt frå livedelen av Trident Juncture, Nasjonal helseøving 2018 og cyber-hendinga i Helse Sør-Øst RHF i samarbeid med Helsedirektoratet og andre aktørar som er omfatta.*

Gjennom deltaking i regionalt beredskapsutval (REBU) og arbeid med regional helseberedskapsplan har SAV teke del i regional oppfølging av erfaringar og læringspunkt frå ulike øvingar og cyber-hending i HSØ. Erfaringar er og tekne med i aktuelle risikovurderingar og planarbeid.

- *Revidere eigne beredskapsplanar i tråd med Regional helseberedskapsplan for Helse Vest, 2019-2021.*

SAV sin beredskapsplan med vedlegg er revidert i 2019 på grunnlag av oppdatert risikoanalyse og i tråd med Regional helseberedskapsplan for Helse Vest, 2019-21. Risikovurdering av beredskap er og gjort i arbeid med prosjekt Nasjonalt samarbeid om legemiddelberedskap (SAMLE), mellom dei fire sjukehusapotekføretaka.

- *Implementere ny sikkerhetslov, og delta i øvrig oppfølgings- og evalueringsarbeid.*

Implementering av sikkerhetslov er under arbeid i SAV, i tett samarbeid med Helse Vest RHF. Føretaket har så langt ein person som er sikkerheitsklarert.

- *Følgje opp Helsedirektoratet si nasjonale analyse av risiko- og sårbarheit for helse-sektoren, jf. oppdrag i 2018, og bidra til Helsedirektoratet si oppdatering av analysen i 2019.*

Føretaket har lagt til grunn Helsedirektoratet si analyse i arbeid med risiko og sårbarheits analyse og beredskapsplan. Det har vore tett dialog med prosjektleiar for Helsedirektoratet sitt arbeid og beredskapskontakt i SAV både skriftleg og i ulike møter både når det gjeld hovudrapporten og vedlegg om produksjon av legemidlar.

- *Samordne legemiddelberedskapen og antidotberedskapen¹ i regionen i samarbeid med regionalt legemiddelutval (r-LMU). Dette inneber mellom anna å ha felles rutine for handtering av mangelsituasjonar, oppdatering av kritiske lister og vurdering av beredskapslager. SAV sin beredskapsplan skal omfatte beredskap for akuttsituasjonar og forsyningssvikt.*

SAV sin beredskapsplan dekker både akuttsituasjonar og forsyningssvikt. Regionale og lokale legemiddelutval handsamer saker om legemiddelberedskap (kritiske lister og mangelsituasjonar), og SAV er sentral i dette arbeidet. Det er etablert rutine for handtering av mangelsituasjonar, men rutinar for informasjonsflyt i kvart føretak er noko ulik. Frekvens og ansvar for oppdatering av kritiske lister blei fastsett i fagdirektørmøte hausten 2017. Kritiske lister er gjennomgått og oppdatert i 2019. SAV har koordinert arbeid med oppdatering av innhald og omfang av væskelager i regionen gjennom 2019.

- *Samarbeide med dei andre sjukehusapotekføretaka, Mangelsenteret ved Oslo universitetssjukehus, legemiddelgrossist og Sykehusinnkjøp HF om legemiddelberedskap.*

SAV har tett samarbeid og fleire kontaktflater med dei ulike aktørane, og legemiddelangel står høgt på agendaen. Representant frå Mangelsenteret deltek fast på møter i regionalt beredskapsutval. Senteret har og ei viktig rolle i rådgjeving rundt og førebygging av mangelsituasjonar.

Føretaket har møtepunkt med grossist både direkte og gjennom samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka. I dialogen mellom sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp er beredskap på agendaen.

- *Innarbeide omsynet til beredskap i logistikksystema og i dei leveranseavtalane som blir inngått.*

I arbeid med utarbeiding av kravspesifikasjon og utlysning av grossistanbod har beredskap og tilgjenge, samt beredskapslagring hos grossist vore ei særskild viktig dimensjon.

² Antidot, motgift. Stoff som reduserer eller opphevar verknaden av eit anna vanlegvis giftig stoff i organismen.

3.2 Bemanning og kompetanse

Helse Vest RHF ber Sjukhusapoteka Vest HF om å:

- *Utvikle strategiske kompetanseplanar og tiltak for å utdanne, rekruttere, behalde og vidareutvikle tilstrekkeleg tal medarbeidarar for alle yrkesgrupper/fagområde. Helseføretaket skal utvikle kompetanseplanar i tråd med måla i Helse2035, anten det er på stillingsgruppe-nivå eller individuelt der det er føremålstenleg. Dette er eit tiltak som og skal forplikte medarbeidarar til kva oppgåver dei må kvalifisere seg for i framtida.*

Kompetanseutvikling er basert på SAV sine strategiske utfordringar og kundane sine behov. Hovudsatsingsområde i 2019 har vore sal/marknad, produksjon, digitalisering og anna. Ein nemner særskild tema som leiging, beredskap, klinisk farmasi, superbrukarar, forfalskingsdirektiv, legemiddeldistribusjon, legemiddel-samstemming og avvik/meldekultur.

3.3 «Inkluderingsdugnad»

Helse Vest RHF ber Sjukhusapoteka Vest HF om å:

- *I samarbeid med det regionale helseføretaket utarbeide ein plan med tiltak, arbeidsformer og rutinar med sikte på å nå måla bak "inkluderingsdugnaden". Planen skal byggje på helseføretaka sine erfaringar frå arbeidet med å tilsette og inkludere søkjarar med nedsett funksjonsevne. Helse Vest RHF skal rapportere på arbeidet per 1. oktober 2019.*

SAV plan og tiltak har vore behandla i leiargruppa og FAMU. SAV har teke del i det regionale arbeidet.

1. Etablere samarbeidsavtaler med NAV i for arbeidstrening mm.
2. Kriterier frå Inkluderingsdugnad er innarbeidd i SAV sine rekrutteringsprosesser.

3.4 Oppfølging av undersøkinga ForBedring

Helse Vest RHF ber Sjukhusapoteka Vest HF om å:

- *Leggje til grunn at ForBedring er eit dialogverktøy som gir eit kunnskapsgrunnlag som skal nyttast til lokalt forbetningsarbeid. Det skal utarbeidast ein skriftleg handlingsplan, og det skal gjennomførast forbetringstiltak på identifiserte forbetningsområde når ForBedring er gjennomført.*
- *Forbetningsundersøkinga med metodikk som gjer det mogleg å samanlikne resultata mellom sjukehus og helseregionar.*

Alle einingar har nedfelt tiltak i aksjonsplan i høve til einingane sine svar på undersøkinga. Alle einingar har diskutert resultat, tiltak med tilsette, verneteneste og tillitsvalde. Forbetring Handlingsplan er handsama i FAMU (Føretaksarbeidsmiljø-utvalet), leiarmøte og i samhandlingsmøte. Ein er sær s n ggd med positiv utvikling innan

tema som engasjement, tryggleiksklima og psykososialt arbeidsmiljø. SAV er del av regional oppsett og gjennomføring av undersøkinga.

3.5 Felles leiarutvikling for leiarar i spesialisthelsetenesta og i kommunale helse- og omsorgstenester

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Saman med det regionale helseføretaket utvikle eit nytt felles toppleiarprogram for leiarar i spesialisthelsetenesta og kommunale helse- og omsorgstenester. Dette skal erstatte eksisterande toppleiarprogram for helseføretaka. Programmet skal kunne gjennomførast i kombinasjon med ordinær jobb, og vere knytt opp til ein akkreditert utdanningsinstitusjon og gi studiepoeng.*

SAV følger det regionale arbeidet med vidareutvikling av programmet.

3.6 Helseføretaka si handtering av bierverv

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Innføre meldeplikt for helsepersonell som er tilsett etter helsepersonellova § 19 andre ledd i løpet av 2019. Meldeplikt etter lova omfattar "all helsefaglig virksamhet som helsepersonellet utfører som selvstendig næringsdrivende, for andre arbeids- eller oppdragsgivere i Norge eller i utlandet, og om eierinteresser, samarbeidsforhold o.l.*
- *Innføre krav om at dette skal oppfyllast, og følgje opp krava med ein årleg rapport på totalt tal bierverv i årleg melding 2019. Sørgje for at alle medarbeidarar og leiarar registrerer bierverva sine i biervervsmodulen, og at alle bierverv som blir registrerte, blir fortløpande behandla av nærmaste leiar, og godkjent av leiar med fullmakt. Det er ein føresetnad at bierverv skal avgrensast mest mogleg. Det kan være aktuelt å revidere felles regionale retningslinjer og rettleiarar for bierverv. Helseføretaka blir bedt om å delta i dette arbeidet.*

Tilsette i Sav vert oppmoda til å registrere bierverv ein gong per år, ved nyhendesak på Intranett. Ein understrekar i nyhendesaka og i dialog med leiarar at søknadar om bierverv skal registreras i det elektroniske verktøyet og handsamas der. HRO avdelinga sender årlege rapportar på status til kvar eining.

Godkjende bierverv per 05.12.19 er:

Tilsette: 379 timar. Oppdrag 75. Styreverv: 33.

3.7 Vaksinasjon av personell

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Leggje til rette for at alt personell kvart år får tilbod og oppmoding om sesonginfluensavaksine slik at WHO og EU sin målsetting om 75 prosent vaksinasjonsdekning for helsepersonell kan bli nådd.*
- *Bidra i arbeidet med etablering av felles måling av resultat for vaksinasjon av tilsette.*

Tiltak for å sikre vaksinasjonsgrad var i hovudsak knytt til ulike informasjonsaktivitetar, til dømes dialog i avdelingsmøter, nyhende på Intranett, og innlegg på sosiale media. Datoar for vaksine vart kunngjort i god tid, og det vart lagt til rette i drifta for at medarbeidarar fekk ta vaksinen.

Vaksineandelen for SAV i 2019 blir lagt inn i årleg melding før oversending til Helse Vest (tal er klare i desember).

- *Greie ut om mogleg oppstart av influensavaksinasjon av pasientar og brukarar i sjukehusapotek.*

SAV har frå 1.11.19 etablert tilbod om influensavaksinering i alle fire apotek. Vaksinerer skjer i tråd med Apotekforeningen sin bransjestandard som definerer krav til opplæring av vaksinatørar og tenesteutøving. Vaksinerer skjer berre etter resept frå lege og blir journalført i apoteket i tråd med pasientjournalforskrifta.

3.8 E-helse

Sjukehusapoteka Vest HF skal:

- *Sikre at etablerte innbyggjartenester blir nytta.*

SAV sine publikumsavdelingar nyttar e-resept. Det er tilrettelagt for bestilling av eigne medisinar ved t.d. utskriving frå avdelingane ved sjukehusa. Dette er ei enkel webløysing. Informasjon om dette finn ein på nettsider, og på oppslag og gjennom informasjon frå tilsette ved sjukehusa.

- *Bidra i dei regionale helseføretaka sitt samarbeid med Helsedirektoratet, Direktoratet for e-helse, Statens Legemiddelverk og KS i oppfølginga av felles plan for nasjonal tilrettelegging for bruk av teknologi for å levere helsetenester på nye måtar slik det er omtalt i leveranse frå etatane til departementet av 1. desember 2018.*

SAV har starta pilotprosjekt for bruk av videoteknologi for gjennomføring av samtale 2 i tenesta Medisinstart. I tillegg tek føretaket sikte på å prøve ut teknologien på andre tenesteområde – t.d. avstandsuppfølgning av pasient frå klinisk farmasøyt.

SAV deltek i Helse Vest sitt droneprosjekt.

3.9 Digitalisering på legemiddelområdet

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Bidra i arbeidet med å etablere sentral føreskrivingsmodul og pasienten si legemiddelliste, som vert leia av Direktoratet for e-helse.*

Føretaket har dialog med Helse Bergen og Haraldsplass diakonale sjukehus om deltaking i prosjekt- og styringsgruppe for pilot av pasienten si legemiddelliste i Bergen. Involvert i arbeid og dialog med E-helsedirektoratet om sentral føreskrivingsmodul gjennom deltaking i KULE-prosjektet.

- *Gjennomføre nødvendige føreburingar for å digitalisere legemiddelhandteringa og avklare felles grensesnitt mot dei nasjonale e-helsetenestene.*

SAV sin prosjektportefølje og prosjektdeltaking i Helse Vest prosjekt inkluderer heile legemiddelkjeda; LIBRA, KULE, PCMS (produksjonsstøtte), RBD (reseptur og butikkdata) og EIK (felles bransjedataløysing for apotek). SAV har og delteke i prosjekt for anskaffing av ny grossistavtale (G2021) som set nye krav til systemløysingar hjå grossist. I dei ulike prosjekta er det aktivitetar som skal sikre grensesnitt mot nasjonale e-helseløysingar.

- *Bidra til å etablere felles rutinar for samstemming av legemiddellister, irekna rutinar for gjennomgang av gyldige reseptar i reseptformidlaren, for å sikre at desse samsvarar med oppdatert legemiddelliste for den enkelte pasient.*

Føretaket har gitt bidrag til arbeid med felles rutine for samstemming gjennom deltaking regional legemiddelkvalitetsgruppe som er etablert under regionalt pasienttryggleiksprogram. I tillegg er det gjennomført forbetningsarbeid knytt til samstemming gjennom arbeid på akuttmottak ved SUS og PAM HBE.

3.10 Oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å sørge for at:

- *Styret er kjent med sitt ansvar.*
- *Styremedlemmene får nødvendig opplæring i internkontroll og risikostyring.*
- *Arbeide for å redusere risiko og kompleksitet i IKT-prosjekt, og å sikre riktig organisering, klare ansvarslinjer og involvering av leiinga.*

3.11 Informasjonstryggleik og personvern

Helse Vest RHF ber Sjukhusapoteka Vest HF om å:

- *Sørgje for tilfredsstillande informasjonstryggleik med utgangspunkt i vurdering av risiko og sårbarheit, sikre oppfølging gjennom internkontroll og styrke kompetansen om digital sårbarheit blant eigne medarbeidarar og brukarar av IKT-system. Dette skal skje gjennom godt samarbeid i heile helseføretaksgruppa. Det er mange mogelegheiter for å auke merksemda blant medarbeidarar. Det er ein føresetnad at ein utnyttar dei*

digitale arbeidsflatene medarbeidarar brukar ofte. Tiltak skal etablerast for heile føretaksgruppa Helse Vest.

SAV har implementert regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit som ein integrert del av styring og forvaltning av IKT området. Styringssystemet har vore handsama av SAV leiarmøte og leiarmøtet har gjennomført leiinga si årlege gjennomgang av informasjonssikkerhet. SAV har nytta malverk i styringssystemet i arbeidet. Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerhet er teken inn i årshjul for IKT området i SAV.

SAV deltek i samarbeid om nytt nasjonalt styringssystem for informasjonssikkerheit som del av utvikling av ny bransjeløysing for apotek (EIK). EIK omfattar ny apotekjournal, definert som behandlingsretta helseregister (jf. Pasientjournalloven §9). Det nye nasjonale styringssystemet skal innlemmast i styringssystemet i SAV.

Arbeid med informasjonssikkerhet i SAV heng tett saman med status og tiltak innan tilsvarande arbeid i Helse Vest og Helse Vest IKT. Grunnlaget for leiinga sin årlege gjennomgang vert difor utarbeida i samarbeid med Helse Vest IKT og regionalt sikkerheitsutval (SU).

- *Halde seg orientert om arbeidet med personvernforordninga.*

SAV har i 2019 arbeid med å få på plass og kvalitetssikre datahandsamingsavtalar på relevante system, og har oppnemnt eige personvernombod som samarbeider med Helse Vest IKT.

4 Ressursgrunnlaget

Det finansielle grunnlaget for Sjukehusapoteka Vest HF er basert på eigen prisingsmodell, der Sjukehusapoteka Vest HF fakturerer kundane sine for leverte varer og tenester.

5 Økonomiske krav og rammevilkår

5.1 Økonomiske resultatkrav og endring i driftskredittramma

Sjukehusapoteka Vest har eit resultatkrav på kr 7 mill. Føretaket har lagt opp til eit budsjett i samsvar med resultatkravet og med investeringar godt under tilgjengeleg likviditet.

SAV sitt finansielle grunnlag er basert på at varer og tenester skal fakturerast til kundar der ein eigen prismodell følgjer prisregulering frå SLV og prinsippa for prising av varer og tenester er nedfelt i samarbeidsavtale med sjukehusføretaka.

Resultatprognose totalt for SAV for 2019 viser eit resultat på ca. 3 mill. over resultatkravet. SAV har i 2019 erfart avtakande vekst i varesal og lågare prisar enn føresett i budsjettet, og med dette ein lågare bruttoforteneste enn budsjett. Når ein likevel ser ut til å nå resultatkravet kjem det av lågare personal og driftskostnader enn føresett i budsjettet.

Innan publikumsområdet har ein erfart lågare omsetning enn budsjettert, sjølv om det er ein auke i talet på kundar. Det er sterk konkurranse om apotekkundane, samstundes som makrobiletet for generell varehandel har vore svakare i 2019 enn tidligare år. Dette gjev utslag i både lågare vekst og prisar enn det som er budsjettert. Svakt resultat i publikum er kompensert av tilfredsstillande aktivitet innan dei andre verksemdsområda, samstundes som føretaket har god kostnadsstyring.

Likviditetssituasjonen i SAV er tilfredsstillande, og det har vore ein tilstrekkeleg buffer for likviditet gjennom året.

5.2 Investeringar og lån

Investeringsbudsjett for 2019 (36 mill.) ligg godt innanfor det som kan finansierast med egne midlar. Investeringar vert prioriterte ut frå kva som tener drifta av SAV best og som gir høgast meirverdi til sjukehusføretaka. Mellom anna er planar for ombygging av apoteklokalar skyvd noko ut i tid i samsvar med planar for dei enkelte sjukehusa.

6 Plandokument

Denne delen av meldinga skal vise utviklingstrender innan demografi, medisin, infrastruktur m. v. som vil kunne få betydning for helseføretaket og sørge-for-ansvaret. Kapittel 5.1 skal konkretisere behov i framtida, mens kap. 5.2 skal beskrive styret sine planar for å møte desse utfordringane.

6.1 Utviklingstrender og rammevilkår

I kap. 5.1 vert det på generelt grunnlag gjort greie for utviklingstrekk og forventa ressursmessige konsekvensar av dette i form av økonomi, personell og spesialkompetanse. Tidshorisont 3-4 år.

6.1.1 Utviklinga innafor opptaksområdet

6.1.2 Økonomiske rammeføresetnader

SAV får alle sine inntekter frå sal av varer og tenester til sjukehusføretaka, pasientar, tilsette og andre brukarar av sjukehusa. Prisfastsetting på legemidlar er regulert frå Statens Legemiddelverk. Prisar på tenester innan produksjon og farmasifagleg rådgjeving vert rekna til sjølvkost og fakturert sjukehusa.

Margin frå sal av legemidlar har over fleire år hatt ein fallande trend. I 2019 har SAV gjennomført fleire tiltak for å betre sals- og marknadsarbeidet i publikumsavdelingane, mellom anna har SAV delteke i felles nasjonalt prosjekt for utvikling av publikumsdrifta

og delteke i prosjekt for anskaffing av ny grossistkontrakt med utvida krav til produktutval og tenester frå grossist. Målet er å betre omsetning og marginbilete. Lågare marginar og konkurranse med private verksemdar utfordrar samstundes SAV til å effektivisere drifta og auke servicegrada ovanfor kundane.

SAV produserer legemidlar som industrien ikkje kan skaffe, og bidreg med tilsetningar i eigna produksjonslokale i kvart sjukehus. Det er auke i etterspurnaden etter nye produkt. SAV må framover bygge kapasitet og kompetanse for å svare opp behova i sjukehusa ut frå dei risikovurderingar som til ein kvar tid vert gjort.

Som del av nye sjukehusbygg vert det sett fokus på legemiddellogistikk med mål om få til mest mogeleg lukka legemiddelsløyfe. SAV deltek i arbeidet med å avklare ulike løysingar og har i samarbeid med Helse Vest arbeidd for å realisere leveransar av eindose. Innfriing av måla vil krevje auka ressursinnsats og auka investeringar, men betre pasientsikkerhet og lågare kostnader på sikt for samfunnet motiverer for arbeidet.

Apotekbransjen i Norge står fram for store endringar på systemsida. Under arbeidstittelen Digital fornying i Apotekbransjen (DIFA) skal det fram mot 2021 implementerast nytt bransjesystem i regi av Apotekforeningen. Nytt bransjesystem krev at apotekføretaka bygger opp eigne logistikk- og økonomisystem. SAV investerer i nytt butikkdatasystem i samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka. SAV har i 2019 teke i bruk SAP som nytt system innan økonomi og rekneskap. SAP er planlagt innført på logistikkområdet i SAV i 2021.

SAV må dei komande åra bruke ekstra ressursar for å gjennomføre endringane. Det er ynskjeleg at dette kan skje utan at auka ressursbruk slår ut i auka kostnader for sjukehusa.

6.1.3 Personell og kompetanse

SAV har laga analysar av behov for farmasøytar og apotekteknikarar i åra som kjem, og kva faktorar som gjev ulike utviklingsretningar. Analysar viser at SAV må ha stor merksemd på prosessutvikling og oppgåvedeling forutan rekruttering. Innføring av ny teknologi vil og vere ein modererande faktor i høve til framtidig behov.

6.1.4 Bygningskapital – status og utfordringar

SAV er leigetakar hos sjukehusføretaka.

6.2 Strategiar og planar i helseføretaket

Føretaket har utarbeidd strategi for perioden 2018-23 som bygger på Helse Vest sin strategi Helse 2035. Strategien er operasjonalisert gjennom fagplanar på dei fire verksemdsområda produksjon, sjukehusekspedisjon, farmasøytiske tenester og publikum. Tiltak frå fagplanane er igjen trekt ned i aksjonsplanar som definerer praktisk oppfølging, ansvar og frist.

Fagplan for området forskning, utvikling og innovasjon er under arbeid og er venta ferdig 02.2020.